Oversikta ovanfor viser bokførte investeringsutgifter på 47,8 mill., medan vedteke budsjett for investeringane i 2021 var på 71,0 mill. Dette er eit avvik som i hovudsak skuldast at budsjett for kjøp av Krikane barnehage og oppstart (delvis) sentrumsskule låg inne i 2021 budsjettet. Sentrumsskulen i Sykkylven utgjer samla ei investering på ca 290 million kroner og prosjektet går i perioden 2021 – 2023. Skulen vil stå ferdig hausten 2023. Kostnadar i 2021 rekneskapen fylgjer betalingsplanen for kontakta med leverandør. Desse midlane er - saman med løyvingar i 2022 – brukt inn mot pågåande prosjekt i år. Løyvinga til Krikane barnehage vert som kjent nytta inn mot nytt bibliotek i 2022.

3. Ikkje-økonomiske forhold

Det er ikkje tvil om at Covid-19 i stor grad har påverka mykje av tenestene i Sykkylven kommune også i 2021. Målet har likevel vore å oppretthalde eit høgt tenestenivå. Konklusjonen er at kommunen sin tjenesteproduksjon også i 2021 har vore god og det på dei fleste område er levert gode tenester til innbyggjarane våre.

Beredskapsarbeid og smittevern har hatt høgt fokus og blitt ein nesten naturleg del av den daglege drifta i kommunen. Sjølv om pandemien har sett eit høgt press på ressursane våre, har tilsette i heile organisasjonen vist imponerende evne og vilje til å tilpasse seg dei utfordringane som har kome, slik at vi har klart å levere forsvarlege og gode tenester til innbyggjarane gjennom dette krevande året.

Vi har i løpet av 2021 opplevd nokre smittetilfelle hos innbyggjarar, i skule, barnehage og ved omsorgsinstitusjonane våre. Til trass for dette slapp Sykkylven i 2021 unna dei store smitteutbrudda der det har vore behov for dei mest inngripande tiltaka.

God handtering av våre tilsette, kombinert med innbyggjarar, næringsliv, lag og foreiningar som har følgd sentrale reglar og anbefalingar, har vore heilt avgjerande for at smittetala lokalt ikkje har vore høgare.

3.1 Utvikling av tenester

Kompetanse

På dei fleste område lykkast Sykkylven kommune relativt godt med rekruttering av viktig kompetanse, men det er fortsatt utfordrande å rekruttere på kompetansestillingar innanfor helseområdet. Dette gjeld ikkje minst for sjukepleiarar og legar.

I tillegg har vikarsituasjonen ved dei fleste avdelingar vore særskild utfordrande dette året. Dette skuldast både pandemien og høgt sjukefråvær, i tillegg til at industrien har gått godt og at mange derfor er i fast arbeid.

Interkommunalt samarbeid

I 2021 er det etablert interkommunalt samarbeid med Stranda kommune innanfor NAV og legevakttenester.

Legetenester

Overtaking av det private legesenteret og etablering av eit kommunalt legesenter frå juli 2021 har vore ei svært krevjande oppgåve. Den nasjonale fastlegekrise har råka Sykkylven kommune spesielt hardt, og det vil vere eit hovudfokus framover å utvikle det kommunale legesenteret og tilby innbyggjarane i Sykkylven ei trygg og stabil legeteneste.

Oppvekst i endring

Også på dette området er det høgt fagleg tenestenivå, og ein har stort sett klart å rekruttere fagkompetanse - kanskje med unntak av barnehagelærar. Eit synkende barnetal i barnehage og skule medfører at kommunen må arbeide vidare med strukturendringar. Oppstart av byggearbeidet på ny sentrumsskule hausten 2021, blir svært viktig i så måte.

Næringsutvikling

Sykkylven Næringsutvikling etablerte hausten 2021 SkaparLINKEN i det gamle Sparebankbygget som kommunen har kjøpt. Dette skal vere ein arena for nyetablerte verksemdar og samarbeid mellom bedriftene. Offentlege tenestetilbod skal også bli meir synlege, og på denne måten meir tilgjengelege for lokalt næringsliv.

Sykkylven kommune har elles blitt tildelt status som omstillingskommune for perioden 2021-2026. Omstillingsprogrammet er ein tidsavgrensa ekstraordinær innsats for kommunar og regionar med mål om utvikling og vekst. I denne perioden er målet å bidra til å skape nye og sikre 170 arbeidsplassar i Sykkylven.

Samfunnsplan

Arbeidet med revisjon av samfunnsplanen har pågått for fullt i 2021, og det er tanken at dette arbeidet skal fullførast i 2022. Samfunnsplanen er eit overordna politisk styringsdokument, og peikar på viktige vegval som må gjerast i dag, for at Sykkylven skal bli slik vi ynskjer i framtida.

Planen er ein del av kommuneplansystemet, slik det er fastsett i Plan- og bygningslova. Lova seier at kommunane skal ha ein kommuneplan med ein samfunnsdel (samfunnsplanen) og ein arealdel. Tidshorisont for planen er 10-12 år fram i tid.

Omstilling i kommunal verksemd

Demografisk utvikling tilseier at kommunen i framtida må dreie kostnadane sine over frå oppvekst- til helsesektoren.

Kommunestyret vedtok i desember 2021 også ein økonomiplan der det er lagt opp til ei generell innsparing på til saman 4 % i 2022 og 2023.

Oppvekstreform

Førebuing av barnevernsreform/oppvekstreform har utfordra kommunen spesielt på det førebyggjande nivået og i tverrfagleg arbeid. For å kunne snu trenden med tunge og kostnadskrevjande barnevernsaker, må vi fange opp behova og sette inn tiltak på eit langt tidlegare tidspunkt, og ikkje minst ha rett og god kompetanse for å kunne gi god og rett hjelp. Største utfordringa no er at vi ikkje har psykologtilbod til barn og unge.

Velferdsteknologi

Velferdsteknologi bidreg til større tryggleik, sjølvstende og meistring, det erfarer tenestene. Teknologien kan bidra til auka livskvalitet og fridomskjensle for brukar og pårørande, og gir brukaren moglegheit til å bu lengre i eigen heim.

Kommunen har no 110 tryggleiksalarmar i drift, vi har 33 digitale tilsyn av typen Room-mate, vi har 15-20 mobile tryggleiksalarmar med fokus på lokalisering i bruk, og 120 pårørande har nytta seg av kommunikasjonsverktøyet Komp som er plassert ut ved 9 av avdelingane på BUAS.

Sykkylven har gjennom MiSu og det Nasjonale velferdsteknologiprogrammet fått tilskot til prosjekt om velferdsteknologi til barn, unge og vaksne med medfødde eller tidleg erverva funksjonsnedsettingar.

3.2 Andre forhold

Økonomisk status på ekstrautgifter i samband med Covid 19

RAMMETILSKOT (i tusen kr)	Rekneskap	Budsjett
INNTEKTSUTJAMNANDE TILSKOT	-kr 33 562	-kr 32 439
SKJØNSTILSKOT	-kr 920	-kr 300
INNBYGGJARTILSKOT	-kr 186 707	-kr 203 555
DISTRIKTSTILSKOT	-kr 2 069	-kr 2 069
KORONA TILSKOT	-kr 12 790	
Sum ansvar: RAMMETILSKOT	-kr 236 048	-kr 238 363

Koronatilskotet på kr. 12,79 millionar er i si heilheit fordelt ut tilingar/avdelingar på grunnlag av føring av utgifter på prosjektrekneskap for 14900 Korona. Kommunen fekk relativt sett godt med midlar for vårhalvåret, men mindre midlar for hausthalvåret. I sum for heile året, har einingane fått dekt sine ekstrautgifter til koronatiltak.

4. Tiltak for å sikre høg etisk standard

Sykkylven kommune har utarbeidd etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde. Desse ligg til grunn for både tilsette og folkevalde si rolleutøving. Gode mellommenneskelege tilhøve, respekt, språk og veremåte som ikkje støyter nokon unødige, er forankra i dei etiske retningslinjene.

Retningslinjene er av overordna karakter, og er ikkje detaljerte reglar. Dei hjelper oss til å orientere oss i livet, utvikle samvit og handlar om at vi skal kunne stå for dei vala vi gjer i jobbsituasjonen og i arbeidet som folkevald. Retningslinjene gir rettleiing og klare råd om kva type åtferd som vert forventa av oss, i kva situasjonar

Sykkylven kommune forvaltar midlar til fellesskapet og er avhengig av eit godt omdømme og tillit frå dei som møter oss. Det er viktig at kommunen opptre skikkeleg i all si verksemd.

Dei etiske retningslinjene blir derfor ei viktig brikke i kommunen sitt heilskaplege etikkarbeid, der etisk refleksjon skal verte forankra i arbeidskvardagen, både i organisasjonen og politisk.

Etikkarbeidet bidreg til betre kvalitet på tenestene. Det bidreg også til å fremme eit godt arbeidsmiljø og stimulerer til jobbengasjement.

5. Internkontrollrapport for 2021

Kommunedirektøren sin internkontroll tar utgangspunkt i KS sitt verktøy i høve dette arbeidet. Kommunedirektøren skal rapportere til kommunestyret om internkontroll minst ein gong i året. I samsvar med KS sine anbefalingar har ein vald å integrere den årlege rapporteringa i årsmeldinga.

5.1 Styring

Internkontroll er alt vi gjer for å sikre innbyggjarane gode tenester, overhalde lover og reglar, følge opp vedtak og planar og vere opptatt av omdømmet til kommunen.

Ansvar for kvalitet og internkontroll følgjer som ein del av leiaransvaret i kommunen. Leiarar har ansvaret for internkontroll innan dei respektive sektorane eller avdelingar. Internkontroll er ein naturleg del av drifta i einingane, leiarane veit at ein skal medverke til ein god og effektiv tenesteutøving.

Kommunen sin internkontroll er risikobasert. Som ein del av arbeidet med risikobasert internkontroll, skal kommunedirektøren gjennomføre ei overordna risikovurdering, både sentralt og i kvart kommunalområde, slik at vi få oversikt, og kan vurdere heilskapen i internkontrollen i organisasjonen.

5.2 Aktivitetar

I 2021 har ein hatt fokus på oppdatering og utarbeiding av sektorovergripande og lokale dokument (reglement, prosedyrar, rutinar, m.m) for organisasjonen sine kjerneoppgåver: tenesteteyting, støtteprosessar, helse, miljø og sikkerheit, personvern (GDPR), og beredskap. Risikovurdering som er knytt til dette, skal vere ein integrert del av års- og handlingsplaner i dei ulike einingane i organisasjonen.

Innanfor personvern (GDPR – general data protection regulation) har ein tett samarbeid med personvernombod hos IKA (interkommunalt arkiv) i Ålesund. Personvernombod er støttespelar, både når det gjeld rettleiing, oppfølging og gjennomføring av dei lovpålagte oppgåver innanfor GDPR.

Ein har kome i gang med bygging av eit nytt kvalitetssystem/ei kvalitetshandbok, som skal verte tatt i bruk i heile organisasjonen. Dette systemet blir det sentrale verktøyet for internkontroll i kommunen. Systemet skal omfatte både kvalitetssystem (dokumentasjon) for den daglige drifta, HMS-arbeid, datasikkerheit og personvern, og ein modul for å melde og behandle avvik.

5.3 Effekt og resultat

Det er tilsett ein eigen rådgjevar i 50% stilling for å utvikle og kvalitetsikre dette området. Ein hadde håp om at ein hadde komme litt lenger med systemarbeidet i organisasjonen, men ressursbruk i høve pandemien, har medført at ein dessverre ikkje kunne avsetje alt planlagt tid til dette arbeidet. Sjølv om arbeidet ikkje har kome heilt i gang, opplever ein at vi har ein robust organisasjon, som er i stand til å levere dei teneste samfunnet har behov for.

5.4 Statleg tilsyn

Det har ikkje vore statlege tilsyn i Sykkylven kommune i 2021.

6. Likestilling

I Sykkylven kommune sin lønnspolitiske plan blir det slått fast at Sykkylven kommune, både arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane, har fokus på likestilling mellom kjønna. Det er eit mål å ha ein lønspolitikk som tek vare på og fremjer likestilling mellom kjønna

Kommunen treng medarbeidarar med rett fagkompetanse og ønskjer eit mangfaldig arbeidsliv. Det skal leggjast vekt på at alle arbeidstakarar blir rettferdig vurdert.

Sykkylven kommune har flest kvinnelege arbeidstakarar. 80,1% av årsverka i kommunen blir utført av kvinner, og i tal utgjer kvinner 79,1% av dei tilsette.

Det er færrest mannlege tilsette innan helse og omsorg, der berre 10,5% av dei tilsette er menn. Innan tekniske tenester er derimot 71,4% av dei tilsette menn.

Sykkylven kommune sin lønspolitikk har som mål å stimulere til initiativ, auka ansvar, god bruk av ressursar og lik løn uavhengig av kjønn.

7. Aktivitetsplikt etter Likestillings- og diskrimineringsloven § 26

I tråd med «Lov om likestilling og forbod mot diskriminering» skal alle arbeidsgivarar arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremje likestilling, hindre diskriminering på grunn av kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgåver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetting, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk, eller kombinasjonar av desse grunnlaga, og søkje å hindre trakassering, seksuell trakassering og kjønnsbasert vold.

Sykkylven kommunen vil på grunnlag av dette, arbeide aktivt og målretta for å fremme likestilling og å hindre skilnader som strid med Lov om likestilling og forbud mot diskriminering.

Sykkylven kommune skal ha eit mangfald der kjønn, etnisk opphav, religion/livssyn, seksuell orientering, alder og funksjonsnivå blir verdsett. Alle brukarar og innbyggjarar skal møtast med respekt og likeverd. Det same gjeld der kommunen møter leverandørar, kundar, konkurrentar og andre aktørar.

Kvar medarbeidar i Sykkylven kommune skal føle seg trygg på sin arbeidsplass. Vi tek avstand frå alle former for trakassering, mobbing, og forventar at alle bidreg til å verkeleggjere denne haldninga. Vi skal ikkje utsetje andre for handlingar eller ytringar som kan verte oppfatta som krenkjande, skremmande, fiendtlege, nedverdiggande eller audmjukande.

Arbeidsmiljøet i kommunen skal vere prega av god dialog og eit godt ytringsklima. Det skal vere takhøgda for å diskutere og å kome med ulike syn og konstruktiv kritikk. Når ein har rom for ulikheit, betyr det at vi kan handtere saker og konflikhtar saman, og kjem fram til løysingar som partane kan leve med. Eit godt ytringsklima bidreg til ein kultur der alle finn det trygt å ytre seg.

I Sykkylven kommune er ein verna når ein ønskjer eller er nøydd til å seie frå om kritikkverdige forhold på arbeidsplassen.

----- * -----

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 13/22	Sykkylven kontrollutval	25.05.2022

Prosjektskisse forvaltningsrevisjon 2022 - ressursbruk i barnehageområdet - Sykkylven kommune

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner prosjektplan for forvaltningsrevisjon ressursbruk i barnehageområdet - Sykkylven kommune, med den framdriftsplan og ressursbruk som er skissert.

Utvalet ber sekretariatet kvalitetssikre at dei moment som kjem fram i møtet, vert tatt inn i prosjektskissa.

Kontrollutvalet ber om at forvaltningsrevisor held kontrollutvalet v/sekretariatet informert undervegs og at utvalet vert orientert om der er trong for vesentlege endringar i prosjektet.

Bakgrunn:

I kontrollutvalet sitt møte 09.03.2022 gjorde Sykkylven kontrollutval følgjande vedtak: *Sykkylven kontrollutval bestiller ei skisse til prosjektplan for forvaltningsrevisjon 2022, på barnehageområdet.*

Prosjektplanen må innehalde forslag til problemstillingar i tråd med kontrollutvalet sine innspel i dette møtet, samt overslag på bruk av ressursar og ha ein framdriftsplan.

Kontrollutvalet bed om at prosjektplanen vert lagt fram i Sykkylven kontrollutval sitt neste møte 11. mai 2022.

I tillegg til det vedtaket omtaler så sa kontrollutvalet følgjande i si behandling av saka: *Utvalet ynskjer å ha med moment knytt til spesialpedagogiske tenester og brukarmedverknad, i prosjektskissa knytt til forvaltningsrevisjon på barnehageområdet.*

Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal nytte for å sikre at kommunen på best mogleg måte tek omsyn til innbyggjarane sine behov og rettar. Forvaltningsrevisjon er ei av dei pålagde oppgåvene til kontrollutvalet. I kommunelova § 23-3 første ledd blir forvaltningsrevisjon definert som systematiske vurderingar av økonomi,

produktivitet, regeletterleving, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak.

Vurdering:


Møre og Romsdal revisjon SA har svart på kontrollutvalet si bestilling av ein prosjektplan for forvaltningsrevisjon på ressursbruk i barnehageområdet Sykkylven kommune. Denne prosjektplanen ligg ved saka her.

Innhaldet i ein prosjektplan bør ha med:

- bakgrunn
- føremål
- problemstillingar
- revisjonskriterium
- metode
- tids- og ressursbruk

Ut frå sekretariatet si vurdering inneheld denne skissa til prosjektplan dette.

Det er revisor som gjennomfører forvaltningsrevisjonen, men kontrollutvalet har ei sentral rolle gjennom heile prosessen. Revisor utfører den på vegne av kontrollutvalet, og er ansvarleg for at gjennomføringa er i samsvar med regelverk og god kommunal revisjonsskikk. Illustrasjonen under viser dette. (Kilde for illustrasjonen er Kontrollutvalsboka 2022)



Det er no i behandlinga av skissa til prosjektplan at kontrollutvalet har størst innverknad på problemstillingane som skal undersøkjast, og dermed kva prosjektet skal gje svar på. Det er difor viktig at kontrollutvalet brukar tid på dette, for å sikre at prosjektet blir gjennomført i samsvar med utvalet sine ynske. I den skissa som oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor

Kurt Løvoll/forvaltningsrevisor Svein Ove Otterlei legg fram for kontrollutvalet her så har dei foreslått konkrete problemstillingar innan barnehageområdet.

Kontrollutvalet bør drøfte og ta stilling til om desse problemstillingane dekkjer det kontrollutvalet ynskjer å revidere og om det vil gje god nok verdi for kommunestyret.

Vedlegg

Prosjektplan forvaltningsrevisjon ressursbruk i barnehageområdet Sykkylven kommune
Melding om forvaltningsrevisor sitt sjølvstende 2022 - Sykkylven kommune

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

PROSJEKTPLAN

SYKKYLVEN KOMMUNE

Ressursbruk i barnehageområdet

April - 2022

BESTILLING

I sitt møte 09.03.22, gjorde Sykkylven kontrollutval følgende vedtak i sak 08/22:

Sykkylven kontrollutval bestiller ei skisse til prosjektplan for forvaltningsrevisjon 2022, på barnehageområdet.

Prosjektplanen må innehalde forslag til problemstillingar i tråd med kontrollutvalet sine innspel i dette møtet, samt overslag på bruk av ressursar og ha ein framdriftsplan.

Kontrollutvalet bed om at prosjektplanen vert lagt fram i Sykkylven kontrollutval sitt neste møte 11. mai 2022.

(...)

Utvalet ynskjer å ha med moment knytt til spesialpedagogiske tenester og brukarmedverknad, i prosjektskissa knytt til forvaltningsrevisjon på barnehageområdet.

Av saksutgreiinga går det fram under bakgrunn at:

Sykkylven kommunestyre har i KS-sak 66/20 vedtatt Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2023 med følgende prioriterte fokusområde:

- 2. Ressursbruk i barnehageområdet*
- 3. Bruk av spesialundervisning i oppvekstsektoren*

Forvaltningsrevisjon på offentlege innkjøp er gjennomført og endeleg rapport vart handsama i kommunestyret 13.12.2021 sak 91/21.

Vidare under vurderingar står det:

Nokre moment som kanskje kan vere nyttige innsteg for ei brei drøfting i kontrollutvalet, og til hjelp for å spisse prosjektet noko:

- *økonomisk ramme i barnehageområdet*
- *ressursbruk knytt til barnehageområdet i Sykkylven samanlikna med andre kommunar*
- *grunnbemanning sett i lys av bemannings- og pedagognorm og kompetansekrav*
- *faktisk bemanning sett i lys av bemannings- og pedagognorm hensyntatt fråvær*

- *tilpassa pedagogisk hjelp gjennom ordinært tilbod*
- *vedtak og tenester for spesialpedagogisk hjelp*
- *samarbeid mellom barnehage og PP-tenesta*
- *dekningsgraden sett opp mot rett til barnehageplass*
- *kommunalt tilbod og privat tilbod, i Sykkylven er der 4 kommunale og 4 private barnehagar*

BAKGRUNN

I risiko- og vesentlegvurdering vart barnehageområdet peika på som eit området der det er risiko for at kommunen kan ha vesentlege utfordringar. Det vart særleg peika på at det er gitt dispensasjon frå pedagognorm og at utgiftene til spesialpedagogikk var særleg høge.

I saka for budsjettet for 2021 vart det vedteke ei innsparing på barnehageområdet. Budsjettet for 2020 var 62,657 mill kr, medan budsjetttramma for 2021 var på 60,309 mill kr. Vidare vart det i økonomiplanen lagt opp til ytterlegare store innsparingar framover. I dette talet låg det inne som ein føresetnad ei nedlegging av Tandstad og Vik barnehagar frå 01.02.21.

I kommunestyresak 12/21 handsama i møte 15.02.22 fremma kommunedirektøren ei sak om oppfølging av budsjettvedtaket vedkomande innsparingar på barnehageområdet og tilpassing av kapasitet. Det vart då fatta om å leggje ned Vik frå 01.08.21. Det skulle også bli vurdert om Tandstad kunne organiserast som ei underavdeling i ein anna barnehage. I tillegg bad kommunestyret om at det vart utarbeidd ei brei barnehagemelding, etter forslag frå Leonhard Vårdal.

I kommunestyresak 27/21 i møte 19.04.21 vedtok kommunestyret at: *Utifrå ei samla vurdering, der ein tek omsyn både til lovverk, økonomi og kvalitet, skal ikkje Tandstad barnehage organiserast som ei underavdeling til ein annan kommunal barnehage.*

Barnehagemelding 2021 for Sykkylven kommune vart lagt fram for kommunestyret i sak 41/21 i møte 21.06.21, der den vart tatt til vitande. I tillegg vart det gjort vedtak om at:

Administrasjonen vert oppmoda om å starte ein prosess der ein vurderer visjon, struktur, samarbeidsmodellar, høve til brukarstyring m.m. i barnehagane.

I dette vedtaket presiserer kommunestyret brukarstyring som noko som skal vektleggjast i det vidare arbeidet innan barnehageområdet.

Ressursbruken innan barnehageområdet, er avhengig av fleire forhold. Ein lovfesta rett til plass for alle born over eit år som er busett i kommunen, sett grenser for kor låge utgiftene kan vere før ein bryt lova. Den set med andre ord ei grense for kor låg kapasiteten kan vere. I tillegg er politiske prioriteringar som struktur og opningstider også med på å forklare ressursbruken. Innan barnehageområdet er det nå også lovfesta og føreskriftsfesta krav til grunnbemanning og pedagogiske ressursar. Bruken av spesialpedagogikk er også ein viktig komponent i utgiftsbilete.

I Sykkylven kommune er halvparten av barnehagane private, med ei nokolunde lik fordeling også i talet på barn. I årsmelding 2021 vedkomande barnehagane går det fram at:

Det er områda Barnehageadministrasjon/felles for barnehagane og Private barnehagar som står for avviket innanfor denne sektoren. Det er generelt svært vanskeleg å lage treffsikre budsjett for tilskotet til private barnehagar. Eitt enkelt småbarn utgjer langt over 200 000 kr i driftstilskot på årsbasis. Barnetalet for andre halvår er ukjent når budsjettet vert lagt, og små endringar gir store økonomiske utslag. For 2021 var estimatet over talet på barn i dei private barnehagane for lågt. I tillegg vedtok regjeringa å auke kapitaltilskotet per barn.

Utklipp frå rekneskapen:

2.1 Oversikt DRIFT pr eining

SUM LØYVINGAR DRIFT, NETTO	Regnskap 2021	Budsjett 2021	Rekneskap 2020
		inkl.endringar	
Barnehageadm og felles for barnehagane	9 713 511	11 666 848	12 002 494
Vik barnehage	1 908 190	2 673 218	3 484 318
Tandstad barnehage	2 118 602	2 052 244	2 388 275
Blakstad naturbarnehage	4 423 052	4 230 337	4 222 392
Ullavik barnehage	6 302 983	6 555 991	6 365 654
Vikedalen barnehage	7 845 758	7 992 506	7 425 652
Private barnehagar	29 189 276	25 505 500	26 330 593

Rekneskapen viser eit vesentleg meirforbruk innan private barnehagar for 2021.

AVGRENSINGAR

Når det gjeld struktur, so er ei vurdering av dette gjerne politisk, og i mindre grad egna som ei problemstilling for forvaltningsrevisjon. Eit prosjekt kan likevel utgreie og analysere strukturen, då gjerne samanlikna med samanliknbare kommunar. Det same gjeld for so vidt også opningstider.

PROBLEMSTILLINGAR

I dette prosjektet vil vi gjere ei kartlegging av ressursbruken innan barnehageområdet basert på offentlig tilgjengelege kjelder. Meir konkret vil prosjektet ha følgjande problemstillingar:

Problemstilling 1: Kapasitet

Er kravet om barnehageplass til alle born over 1 år oppfylt i Sykkylven kommune?

Problemstilling 2: Norm

Er ulike normkrav oppfylt i Sykkylven kommune?

Problemstilling 3: Spesialpedagogikk

Er tilvising og bruk av spesialpedagogikk i tråd med regleverket?

Problemstilling 4: Brukarmedverknad

Er krav til brukarmedverknad i tråd med regleverket?

KILDER TIL REVISJONSKRITERIER

Revisjonskriterium er krav eller forventningar som vi vurderer funna i undersøkinga opp mot. Revisjonskriterium skal vere grunngitt i, eller greidd ut frå autoritative kjelder innan det reviderte området, som til dømes lover, føreskrifter, politiske vedtak, retningslinjer, mål, føringar med meir.

I dette prosjektet vil vi nytte følgjande hovudkjelder for å utleie revisjonskriterium.

- Barnehagelova
- Forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehagar
- Rammeplan for barnehagar

Barnehagelova § 16 om rett til plass i barnehage angir:

Barn som fyller ett år senest innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage fra august i samsvar med denne loven med forskrifter.

Barn som fyller ett år i september, oktober eller november det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage innen utgangen av den måneden barnet fyller ett år i samsvar med denne loven med forskrifter.

Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der det er bosatt.

Søknadsfrist til opptaket fastsettes av kommunen.

Barnehagelova § 25 om pedagogisk bemanning angir:

Pedagogiske ledere må ha utdanning som barnehagelærer. Likeverdig med barnehagelærerutdanning er annen treårig pedagogisk utdanning på høghskolenivå med videreutdanning i barnehagepedagogikk.

Departementet kan gi forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon, forskrift om godkjenning av yrkeskvalifikasjoner fra utlandet og forskrift om unntak fra utdanningskravet for personale som arbeider i barnehagen på nattid.

Forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehager angir:

§ 1. Norm for pedagogisk bemanning

Barnehagen skal ha en forsvarlig pedagogisk bemanning.

Barnehagen skal ha minst én pedagogisk leder per syv barn under tre år og én pedagogisk leder per 14 barn over tre år. Ett barn til utløser krav om en ny fulltidsstilling som pedagogisk leder. Barn regnes for å være over tre år fra og med august det året de fyller tre år.

Styrerens tid til administrasjon og ledelse skal ikke inngå i beregningen av normen for pedagogisk bemanning.

I barnehager der over halvparten av barna har avtalt kortere oppholdstid enn seks timer per dag, skal omregnede heltidsplasser legges til grunn i beregningen av normen for pedagogisk bemanning etter andre ledd.

Pedagognorma er dermed: *én pedagogisk leder per 7 barn under tre år og én pedagogisk leder per 14 barn over tre år.*

Barnehagelova § 26 om grunnbemanning angir:

Bemanningen må være tilstrekkelig til at personalet kan drive en tilfredsstillende pedagogisk virksomhet.

Barnehagen skal minst ha én ansatt per tre barn når barna er under tre år og én ansatt per seks barn når barna er over tre år. Barn skal regnes for å være over tre år fra og med august det året de fyller tre år.

Kommunen kan gi dispensasjon fra kravet til grunnbemanning i andre ledd første punktum for inntil ett år av gangen når særlige hensyn tilsier det. Barnehageeieren skal legge uttalelse fra barnehagens samarbeidsutvalg ved søknaden.

Kommunens vedtak etter tredje ledd kan påklages til statsforvalteren.

Bemanningsnorma er dermed: *én ansatt per 3 barn under tre år og én ansatt per 6 barn over tre år.*

Barnehagelova § 31 om rett til spesialpedagogisk hjelp angir at:

Barn under opplæringspliktig alder har rett til spesialpedagogisk hjelp dersom de har særlige behov for det. Dette gjelder uavhengig av om de går i barnehage.

Formålet med spesialpedagogisk hjelp er å gi barn tidlig hjelp og støtte i utvikling og læring av for eksempel språklige og sosiale ferdigheter.

Spesialpedagogisk hjelp kan gis til barnet individuelt eller i gruppe. Hjelpen skal omfatte tilbud om foreldrerådgivning.

Kommunen skal oppfylle retten til spesialpedagogisk hjelp for barn bosatt i kommunen.

(...)

Departementet kan gi forskrift om ansvar for utgifter til spesialpedagogisk hjelp, hvem som skal regnes som bosatt i kommunen, ...

Barnehagelova § 4 om foreldreråd og samarbeidsutval angir at:

For å sikre samarbeidet med barnas hjem, skal hver barnehage ha et foreldreråd og et samarbeidsutvalg.

Foreldrerådet består av foreldrene til alle barna. Foreldrerådet skal fremme foreldrenes fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppen skaper et godt barnehagemiljø. Er det i forskrift etter § 20 satt en maksimalgrense for foreldrebetaling, kan bare foreldrerådet samtykke til foreldrebetaling utover dette.

Samarbeidsutvalget skal være et rådgivende, kontaktskapende og samordnende organ. Samarbeidsutvalget består av foreldre og ansatte i barnehagen, slik at hver gruppe er likt representert. Barnehagens eier kan delta etter eget ønske, men ikke med flere representanter enn hver av de andre gruppene.

Barnehageeieren skal sørge for at saker av viktighet forelegges foreldrerådet og samarbeidsutvalget.

Rammeplanen punkt 5 om samarbeid mellom heimen og barnehagen angir at:

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling, jf. barnehagelova § 1. Nemningane «hjemmet» og «foreldrene» omfattar òg andre føresette. Barnehagen skal vareta foreldra sin rett til medverknad og samarbeide nært og i forståing med foreldra, jf. Barnehagelova §§ 1 og 4. Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg.

Barnehagen skal leggje til rette for foreldresamarbeidet og god dialog med foreldra. Foreldresamarbeidet skal skje både på individnivå, med foreldra til kvart enkelt barn, og på gruppenivå, gjennom foreldrerådet og samarbeidsutvalet. På individnivå skal barnehagen leggje til rette for at foreldra og barnehagen med jamne mellomrom kan utveksle observasjonar og vurderingar knytte til helsa, trivselen, erfaringane, utviklinga og læringa til det enkelte barnet. Barnehagen skal grunngi vurderingane sine overfor foreldra og ta omsyn til kva foreldra meiner. Samarbeidet skal sikre at foreldra får medverke til den individuelle tilrettelegginga av tilbodet. Både foreldra og personalet må ta inn over seg at barnehagen har eit samfunnsmandat og eit verdigrunnlag som det er barnehagen si oppgåve å forvalte. Barnehagen må arbeide for at barnet ikkje skal komme i lojalitetskonflikt mellom heimen og barnehagen.

Intensjonen med foreldreråd og samarbeidsutval er at desse ordningane skal gi høve til å vareta foreldra sin kontakt med barnehagen på ein aktiv måte. Foreldrerådet skal fremje fellesinteressene til foreldra og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø. Foreldrerådet skal få inn saker som er viktige for foreldra sitt forhold til barnehagen. Foreldrerådet må samtykkje dersom foreldrebetalinga skal setjast høgare enn den fastsette maksimalgrensa.

Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ. Samarbeidsutvalet skal få inn saker som er viktige for innhaldet i og verksemda til barnehagen og for forholdet til foreldra. Samarbeidsutvalet skal fastsetje årsplanen til barnehagen. Andre viktige saker er til dømes forslag til budsjett eller driftsendringar.

Rammeplanen om tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbudet for barn som treng ekstra støtte, angir på s. 40 at:

Barnehagen skal tilpasse det allmennpedagogiske tilbudet etter behova og føresetnadene til barna, også når enkelte barn har behov for ekstra støtte i kortare eller lengre periodar. Barnehagen skal sørgje for at barn som treng ekstra støtte, tidleg får den sosiale, pedagogiske og/eller fysiske tilrettelegginga som er nødvendig for å gi barnet eit inkluderande og likeverdig tilbod. Tilrettelegginga skal vurderast undervegs og justerast i tråd med behova og utviklinga til barnet.

Inkludering i barnehagen handlar òg om å leggje til rette for sosial deltaking. Innhaldet i barnehagen må formidlast på ein måte som gjer at ulike barn kan delta ut frå eigne behov og føresetnader. Den viktigaste sosialiseringsarenaen i barnehagen er leiken. For enkelte barn kan tidleg innsats innebære at personalet arbeider særleg målretta og systematisk – i kortare eller lengre periodar – med å inkludere barnet i meningsfulle fellesskap.

Dersom det er grunn til å tru at barnet ikkje kan få dekt behova sine innanfor det allmennpedagogiske tilbudet, skal barnehagen opplyse foreldra om retten til å krevje ei sakkyndig vurdering av om barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp.

Barnehagen skal sørgje for at barn som får spesialpedagogisk hjelp, blir inkluderte i barnegruppa og i det allmennpedagogiske tilbudet.

METODE

Forvaltningsrevisjonen utførast i høve til god kommunal revisjonsskikk. Gjeldande standard for forvaltningsrevisjon er RSK 001 utarbeida av Norges Kommunerevisorforbund.

Datagrunnlaget i dette prosjektet vil i all hovudsak vere dokument, regnskapsdata og offentlege tilgjengelege kjelder for statistikk. Noko av datagrunnlaget kan også vere basert på statistikk oversendt frå kommunen til oss. Vi tek i utgangspunktet ikkje sikte på gjennomføre formelle omfattande intervju i dette prosjektet, men det vil truleg bli gjennomført noko kommunikasjon gjennom e-post og informasjonsheiting frå sentrale personar og verksemdsleiarar.

PROSJEKTGRUPPE OG TIMEANSLAG

Oversikt over prosjektgruppe:

NAVN	TITTEL
Kurt Løvoll	Oppdragsansvarleg
Svein Ove Otterlei	Forvaltningsrevisor

Vi anslår at prosjektet kan gjennomførast på 250 timer. Timeanslaget inneheld utarbeiding av avgrensa og spissa problemstillingar ut frå prosjektplan, datainnsamling og analyse, samt utarbeiding og kvalitetssikring av rapport. Estimert timebruk omfattar også presentasjon av ferdig rapport for kontrollutvalet.

FRAMDRIFTSPLAN

Oversikt over framdriftsplan:

AKTIVITET	PLANLAGD UTFØRT
Prosjektplan i kontrollutvalet	11.05.2022
Oppstartsbrev og møte med kommunedirektør	Mai 2022
Datainnsamling	Mai – Aug 2022
Arbeid med rapport	September 2022
Høyringsperiode	Oktober 2022
Planlagt levert ferdig rapport	15.11.2022

For å kunne gjennomføre prosjektet innan fristen og med stipulert timebruk er det nødvendig at kommunen sender over etterspurt dokumentasjon innan dei fristar som blir satt. I tillegg er vi avhengig av at utvalde personar svarar på spørsmål innan rimeleg tid.

UAVHENGIGHEIT

Som vedlegg ligg erklæring om uavhengigheit frå oppdragsansvarleg revisor. Oppdragsansvarleg revisor har henta inn tilsvarende erklæringar frå revisjonsteamet, og har også ansvar for å gjere dette dersom det blir nødvendig at andre i Møre og Romsdal Revisjon SA blir involvert i arbeidet.

SJEKKLISTE FOR UAVHENGIGHET

RESSURSBRUK BARNEHAGEOMRÅDET – SYKKYLVEN KOMMUNE

Kommuneloven § 24-4 samt forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 16-19	Eventuell merknad
Revisor kan ikke utføre revisjon eller annen kontroll for kommunen eller fylkeskommunen hvis det foreligger særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisorens uavhengighet og objektivitet.	
Revisor kan ikke utføre revisjon eller annen kontroll for kommunen eller fylkeskommunen hvis revisoren eller revisorens nærstående ¹ har en slik tilknytning til den reviderte eller kontrollerte virksomheten eller virksomhetens ansatte eller tillitsmenn at den er egnet til å svekke revisorens uavhengighet og objektivitet.	
Revisor kan ikke ha andre stillinger i kommunen eller fylkeskommunen	
Revisor kan ikke ha andre stillinger i en virksomhet som kommunen eller fylkeskommunen deltar i eller er eier av	
Revisor kan ikke være medlem av styrende organer i en virksomhet som kommunen eller fylkeskommunen deltar i eller er eier av ² .	
Revisor kan ikke delta i eller ha funksjoner i en annen virksomhet, hvis det kan føre til at revisorens interesser kommer i konflikt med interessene til kommunen eller fylkeskommunen, eller på annen måte er egnet til å svekke tilliten til revisoren	
Revisor kan ikke utføre rådgivningstjenester eller andre tjenester for kommunen eller fylkeskommunen, hvis dette er egnet til å svekke revisorens uavhengighet og objektivitet	
Revisor kan ikke yte tjenester som hører inn under den reviderte virksomhetens egne ledelses- og kontrolloppgaver	
Revisor kan ikke opptre som fullmektig for den reviderte virksomheten, unntatt ved bistand i skattesaker etter domstolsloven § 218.	

¹ Nærstående etter første ledd er:

- a) revisorens ektefelle eller samboer og deres søsken
- b) revisorens slektninger i rett oppstigende eller nedstigende linje og deres ektefeller eller samboere
- c) revisorens søsken og deres ektefeller eller samboere
- d) slektninger i rett oppstigende eller nedstigende linje til revisorens ektefelle eller samboer.

² Dette gjelder ikke hvis virksomheten utfører revisjon og er organisert som et interkommunalt selskap, samvirkeforetak eller aksjeselskap

UAVHENGIGHETSERKLÆRING

I forbindelse med arbeidet med forvaltningsrevisjonen


RESSURSBRUK I BARNEHAGEOMRÅDET – SYKKYLVEN KOMMUNE

kjenner jeg ikke til slektsforhold eller andre familiære forhold som medfører at det kan stilles spørsmål ved min uavhengighet eller objektivitet.

Jeg kjenner heller ikke til andre forhold som medfører at det kan stilles spørsmål ved min uavhengighet eller objektivitet.

Jeg forplikter meg til å informere ledelsen ved revisjonen dersom det underveis i prosjektet skulle oppstå situasjoner som medfører at det kan stilles spørsmål ved min uavhengighet eller objektivitet.

Ålesund, 16.05.2022



Kurt Løvoll

Oppdragsansvarlig revisor

Vår ref. 22/80 - 2
Saksbehandlar Solveig Kvamme
Dato 18.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 14/22	Sykkylven kontrollutval	25.05.2022

Meldingar:

Underliggende saker

03/22 Melding om årsrapport for einingane 2021 - Sykkylven kommune

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 03/22	Sykkylven kontrollutval	25.05.2022

Melding om årsrapport for einingane 2021 - Sykkylven kommune

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunn:

Kommunedirektøren har laga ein årsrapport der arbeidet ved einingane i 2021 er omtalt nærare.

Dette er nyttig informasjon for kontrollutvalet å få, og vert difor lagt fram til orientering.

Vedlegg

Årsrapport for einingane 2021 - Sykkylven kommune (sjå eige vedlegg)